


Bygdabladet

for BOKN



Bokormen – s. 6



Satsar på Bokn – les meir s. 3



Service til oppdrettsnæringa – les meir s. 4



Rekordstor oppslutning – les meir s. 9



RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding

Folketalet

Folketalsstatistikken for Bokn visar at per 01.01.08 er me 823 innbyggjarar i kommunen. Dette er ein auke på heile 30 personar frå 01.01.07. På landsbasis ligg me på fjerde plass over dei kommunane som har hatt prosentvis størst auke i folketalet, med solide 3,78%. Dette er svært gode og, ikkje minst, viktige, tal for Bokn.

Det er viktig for Bokn å ha ein viss auke i talet på innbyggjarar framover, ikkje berre i høve til dei økonomiske effektene dette gjev kommunen, men også for det reproduktivitetspotensialet som naturleg fylgjer av at boknarane blir fleire.

I tillegg må det nemnast at utsiktene for Bokn til å styrka posisjonen som eigen kommune aukar med kvar person som er folkeregistrert i bygda. Dette var som kjent eit vesentleg moment i Telemarksforskning sin utredning i samband med kommunesamsluttingsprosessen for eit par år sidan.

Framskrivingane for Bokn den gang viste ein jamn nedgang i åra framover. Men marginane er også små all den tid Bokn faktisk er ein av landets minste kommuner. Så snart ein bærnerik familie meldar utflytting, vil dette gje til dels store utslag på statistikkane våre. Likevel må me glede oss over den utvikla som faktisk skjer nå med tanke på folketalet i Bokn.

Administrasjonen

Per 01.03.08 er det igjen full bemanning i administrasjonen vår. Dei siste to-tre åra har ein administrativt, av ulike grunner, mangla dei ressursene som gjev ein optimal tenesteproduksjon i kommunen. Ut over vintaren har brikkene byrja å

falle på plass, og den 03.03.08 tok Tore Bøe Olsen til med arbeidet som ny seksjonsjef for helse, sosial og barnevern. I tillegg er leiar for seksjon teknisk tilbake i full jobb, og den nye kommunelegen har for lengst teke i bruk legekontoret og har i inngangen til denne månaden teke i mot dei første pasientane. I denne samanhengen vil eg oppmora boknarane til å vurdera å føra opp Dag-Helge Rønnevik som sin fastlege.

Næringslivet

Kommunen har det siste kvartalet gjennomført møter med dei viktigaste næringslivsaktørane i bygda, HighComp/Bokn Plast, GriegSeafood, Bokn Sjøservice og Coop Bokn.

Samtlege meldar om vekst og høg verdiskapning og planar om utviding av verksemndene i Bokn. HighComp er allereie i gang med å planera ut området sør for eksisterande hall i Foresvik. Etter planen skal det setjast opp ny produksjonshall i dette området. Grieg Seafood har også planar om nye utbyggingar i Trosvik og planlegg elles ein auke i produksjonskapasiteten ved sine smoltanlegg i kommunen.

Bokn Sjøservice har fulle ordrebøker og aukar aktiviteten i Knarholmen og Krovågen, og Coop Bokn hadde ei fin omsetnadsauke i 2007 og vil også i løpet av dette året renovera og oppgradera butikken i Foresvik. Eg gler meg stort over desse tilbakemeldingane då dette gjev viktige synergieeffektar i bygda, slik som t.d. fleire arbeidsplassar og nye oppdrag for lokale underleverandørar.

Ordføraren

Uhøyrt

Jardar Havikbotn

Bilførar med markeringsbehov lagar ekstraarbeid.

Dei kommunale tilsynsmennene oppdaga bilspor på grasbanen mandag 3. mars. Ugjerninga har nok skjedd helga før. Bilen har køyrt inn frå sørvest og tatt seg ein runde.

Det har vore mykje nedbør i vinter. Heldigvis blir ikkje banen særleg blaut og bilspora er ikkje så djupe, men udåden fører til unødvendig ekstraarbeid.

- Ja, me må legga litt oppi når det vårast og slänga tar til, seier baneansvarleg Egil Ognøy til Byggabladet.

Som kjent kan ujevne banar m.a. føra til vrikking av barnefötar som spelar fotball.

Barnsleg stunt

Formann i Bokn idrettslag, Christian Bottolf Knutsen, er ikkje imponert over det han kallar eit barnsleg stunt, og synest dette er ekstra trist nå rett før sesongstart.

- Det skal ikkje store gropar til i ein ellers så bra bane, før me kan få ein skade blant dei minste spelarane våre. Eit overtråkk i første kamp i ein sesong er ingen god start. Me får mykje skryt av det fine banedekke me har i Bokn, og ønsker framleis å ha det slik, fortel han.

Løpebanen i sørvest blir også av og til brukt som parkerings- og snuplass, og ein bør vurdera nytta gjerde rundt heile ba-

nen nå når rehabilitering av løpebanen står for tur. Dette står også på planen for Foresvik nærmiljøanlegg.

- Eg håpar at dei som har utført dette har dårleg samvittighet overfor dei dette går ut over, og tenker seg om ved neste "stunt", avsluttar idrettslagsformannen.



Bilspora viser godt igjen på banen. MMS-foto: Arild Ognøy

Ny lege satsar på Bokn

Reidar Alvestad

- Eg kunne nok fått andre jobbar, og tenkjer ikkje på dette som ein kort og midlertidig jobb.
Dette seier Dag-Helge Rønnevik til Bygdabladet når me spør kva tidshorisont han har på arbeidsforholdet som lege i Bokn. Det betyr med andre ord at han tok jobben fordi han syntes det såg interessant ut, og fordi han satsar på området allmennmedisin.

Tilfeldige hendingar spela også ei rolle. Han snakka med veiledaren sin i distriktsturnustenesta, Dr. Egenberg, ved Hegren legesenter, om den ledige stillinga. Han hadde kjennskap til forholda her, og rådde han til å sjå nærmere på det. Dette gjorde at han kjørte ut hit og såg seg omkring, i tillegg til at han tok kontakt med kommunen for meir opplysningar.

Frå Troms til Haugalandet

Den nytilsette legen er 30 år gammal, har familie med 3 barn på Kolnes, og pendlar dagleg til Bokn. Han kjem opprinnleig frå ein liten stad ein times kjøring frå Tromsø som heiter Sommarøy, ein stad kor det bur



Den nye kommelege har ein del å setja seg inn i.
Mykje må på plass etter så lang tid utan lege.

omtrent like mykje folk som i Bokn. Utdanninga har han tatt ved Universitetet i Tromsø frå 1999 –2006, med turnusteneste etterpå ved Haugsund sjukehus og ved Hegren legesenter i Aksdal hos Dr. Egenberg. Under utdanninga hadde han eit års permisjon og var heimeverande med eldste sonen. Med ektefelle frå Haugesund var det ikkje så unaturleg å slå seg ned her i distriktet.

Litt likt som i Bokn

Miljøet der han vaks opp meiner Dag-Helge kanskje kan samanliknast med forholda her på Bokn, med små og gjennomsiktige forhold der alle kjenner alle. Sjølv har han i barne- og ungdomsåra prøvd seg både med å skjæra torsketunger etter skuletid på heimstaden for å tena nokre ekstra kroner, og å jobba på fiskebruk i feriane. I forhold til faget sitt har han prøvd seg både med deltidssjobb og feriejobb på sjukeheim medan han studerte medisin. Slik sett veit han ein god del om dette området frå eiga erfaring.

Ikkje fritidsproblem

Med 3 gutar i alderen 2 - 7 år, og engasjement i det lokale idrettslaget på Kolnes, er det ikkje vanskeleg å nyttja fritida. Han er aktivitetsleiar for ei allidrettsgruppe for 2.klassingar, kjører ungane på fotballkamper, og er sjølv aktiv i fotball i det vaksne B-laget på Kolnes. Han er også med på innebandy i eit lag på sjukehuset.

Oppbygging av legetenesta

Dag-Helge Rønnevik er inneforstått med at det vil ta litt tid å bygga opp legetenesta i Bokn etter så lang tid utan lege. Han har ambisjonar om at legetenesta her skal bli fullt på høgd med andre legekontor i distriktet, og at legen skal vera tilgjengeleg 3 dagar i veka etter ein innkjøringsperiode. Nå i oppstarten blir det frå mars pasientmottak tysdag pluss fredag pluss annakvar torsdag (i partalsveker).

Kommunelege 1 i Bokn vil ha varierte og omfattande oppgåver. Han blir med i legevakta for Bokn, Tysvær og Sveio, pluss at han har tilsynslegeansvar for sjukestova og helsestasjon, ansvar for smittevernarbeid, miljøretta helsevern og blir ein aktiv aktør i forhold til bededskapsplan-arbeidet.

Du kan ikkje for det

Du kan ikkje for det, men det skjer det så skjer
I meg skinne solå uavhengigt av ver
Varme i sjelā, rolig i sinn
Eg blomstre opp med roser i kinn

Du kan ikkje for det, men har mystiske makt
Hjerta slår raskare, men med stødige takt
Underlig e det, eg prøve å forstå
Eg har aldri opplevd ein himmel så blå

Du kan ikkje for det, eg forstår jo det
Eg håbe bare at du vil vera med
Å leva samen med ein så meg
Då får du ein så e glad i deg

Kjetil Hamre

Service til oppdrettsnæringa frå Knarholmen

Reidar Alvestad

Firmaet MARITIM WELDTECH AS i Knarholmen spring ut frå tidlegare Heskja Plate- og Sveis DA som også har hatt lokalisering her. Før jul flytta dei inn i ny hall innerst i hamna.



Den nye hallen midt i bildet. Til høgre administrasjonsbygg som også inneholder spiserom.

Ekspansjon

Firmaet har nå sett opp ein hall i på den nye lokaliseringa på 12 x 20 m. Portopninga til hallen er på 5 x 6 m., så det er nokså store konstruksjonar og båtar som kan setjast inn i hallen for reparasjon eller anna arbeid.

Det er nå 3 personar i arbeid på bedrifta. Eigarane er Lars Sigmund og Geir Vidar Heskja. Før dei kom til Knarholmen, der verkstaden heldt til på ein lekter, leigde dei lokale i eit båthus i Krokvika i Alvestadkroken. Slik sett har det undervegs foregått utvidingar og større aktivitet heile tida.

Lekteren dei hadde i Knarholmen, selde dei til eit firma på Husøy i Karmøy.

Dei nye lokalitetane har medført mykje betre tilrettelagde forhold for bedrifta, og betydeleg betre plass til lagring av konstruksjonar og båtar som er inne til reparasjon eller anna oppdrag.



Mange oppdrag

I utgangspunktet er dei ikkje så interesserte i publisitet og omtale, og vil helst ikkje vera med på bilder. Likevel lar dei oss fotografera, og gir oss god informasjon om bedrifta. Geir Vidar Heskja seier at dei har flust med arbeid, utan å annonsera i det heile tatt. Dei har så mange oppdrag at dei må vurdera å ta inn meir arbeidskraft.

Dei er ei mekanisk bedrift som mellom anna reparerer og skiftar motorar i båtar, og reparerer utstyr til oppdrettsnæringa kor dei mellom anna tar sveiseoppdrag både på metall og plastkonstruksjonar. Oppdraga kjem frå oppdrett i heile fylket, og dei har mykje frå Bokn. Også Fjord1 rederiet nyttar seg av firmaet. Då må dei ta arbeidet om natta når ei av ferjene ligg i ro. Også entreprenørar nyttar seg av tenestene deira.



Døme på oppdrag er denne dykkarbåten tilhøyrande firmaet Aqva Dykk kor det er skifta bakre del, og kor dei skal skifta to motorar.

Vidare ekspansjon?

Firmaet har tilgang på ein liknande plasthall som den dei har frå før. Denne er på 15 x 27 m., og dei vil søkja om å setja opp ein slipp på sørsida av der dei nå held til, og setja hallen over sluppen. Tida vil visa om dette lar seg gjennomføra.

Hallen er romsleg og har plass både til verktøy og mange reparasjonsobjekt. Til venstre Lars Sigmund Heskja, og til høgre (med ryggen til) går Geir Vidar Heskja.

Mangelfulle lekeplasser

Chr.Bottolf Knutsen

Åpent brev til ordfører og politikere:

Det ble utført årskontroll av alle lekeplasser og nærmiljøanlegg i Bokn Kommune høsten 2006. Den ble utført av sertifisert lekeplassinspektør og han påviste endel avvik. Avvikene ble kategorisert som A-, B- og C-feil, der A-feil kan forvolde død eller invaliditet, B-feil kan gi varige mèn og C-feil kan gi mindre skader. Rapporten viser vel at det var de eldste lekeplassene som fikk dårligst resultat, noe som sier seg selv.

A og B-feil er etter det undertegnede har forstått, utbedret ved hjelp av riving eller reparasjoner. Om alle tiltak for å ivareta feil som kan gi mindre skade (C), skal være usagt.

I denne saken taler jeg mest for Føresvik Velforening, og vår lekeplass, som har fått merke resultatene av denne kontrollen. Vi har fått utbedret noen av de avvikene rapporten viser. Vi har fått nye reiler og fått utbedret mangler på lekebil og lekehus. Men så skjedde det noe ifor som barna våre ikke satt så stor pris på.... Begge rutsjebanene ble demontert og fjernet. Åpningene ble spikret igjen, og slik står det den dag idag. Lekeplassen vår får ofte besøk av barnehagen og blir mye brukt av barna i Føresvik. Det samme spørsmålet kommer opp hver gang det samles unger på lekeplassen:...korti ska me få russja igjen....(fra barnemunn).

Etter en slik "storkontroll", med de mangler som ble rapportert ifor, burde kommunen "reservert" midler som kan sette lekeplassene våre tilbake i den stand de er tiltenkt. Nå står flere apparater "amputerte", og barna våre, som er brukerne av dette, venter fremdeles på det rette svaret fra oss som foreldre.....korti ska de fiksa....Har noen prøvd å forklare et barn årsaken til at en rutsjebane blir fjernet på denne måten...



og ingen ny kommer?? kanskje noen har prøvd, men jaggu får du et stort ? mot deg. "Me vil ha ny lekehøtte med rutsjebane" er klar tale fra Madelene Knutsen (5) på bildet. (bilde øverst)

Velforeningen la ifor ned mye arbeid og brukte omrent hele budsjettet på å få realisert lèskuret (bildet nederst) som har vært et ønske i mange år. Med dette "taket i hjørna" med tilhørende lèvegg, utegrill og sittegrupper er dette blitt et samlingssted der folk kan sitte i ly om det skulle komme ei bygge eller to. Her har Arvid Jøsang og Olav Rossebø vært de største bidragsyterne for at skuren er kommet så langt som idag. Vi skal få mange sosiale og trivelige stunder under dette taket fremover.

Vårt neste ønske er å få til et bedre dekke rundt grillområdet, samt male det nye skuren. Det skal ikke stå på dugnadsvilje når vi nå kan tilby varm kaffe under tak...

På vegne av Føresvik Velforening, ALLE barna våre og de som besøker vår Lekeplass, ber jeg Ordfører og politikerne i kommunen om å prioritere midler til dette. Vi ønsker at lekeplassen vår skal bli et fint samlingssted for både barn og voksne.

I dag står apparater som "spøkelseshus" og det er ikke noe trivelig for noen parter at dette ikke blir utbedret. Velforeningen har pr. idag ikke egne midler som strekker til, for å få dette på plass, slik at alternativet blir at det blir stående som idag i mange år til, før vi har klart å spare opp midler til nye apparater.

Håper Ordfører og politikere tar saken videre, slik at vi til våren kan nyte godt av denne plassen igjen.





Bokormen

Jardar Havikbotn




Leseprosjektet for skuleåret 2007/2008 er i full gong.

4. februar gjekk startskotet for Bokormen i Auditoriet. Initiativtakar og biblioteksjef Linda Ognøy gav ordet til ordførar Kyrre Lindanger, som opna prosjektet. Lesegledar Wenche L. Havikbotn (**bildet**) presenterte bøker og bidro til at motivasjonen kom på topp.

Heilt til 11. april skal elevane i 5. til 7. kl. få lesestimulering og mengetrening i form av ein klassekonkurranse og ein individuell konkurranse. Lærar

Ruth Sjøen fortel at det er om å gjera for klassen å lesa flest sider i løpet av prosjekttida. Dei har også fleire formar for premierung. M.a. får elevane ei overrasking på biblioteket for kvar 5. bok dei les.



I følgje Linda er det tredje året biblioteket og mellomtrinnet steller i stand ein slik leseaksjon. Mange folkebibliotek har bokormprosjekt, men då er det enkeltpersonar som konkurrerer mot kvarandre. I Bokn er det konkurranse mellom samla klassar. Ein gong kvar veke blir leste gjennomsnittssider pr. klasse utrekna og skrivne opp på den store bokormplakaten på biblioteket (sjå forsida av bladet).

Kvar veke har elevane også forteljargruppe med ca. 3 elevar i kvar gruppe. Elevane fortel dei andre om boka si og om kva som har hendt i boka sidan sist.

Skuleungane kan også bli utvalde til å fortella om ei bok dei har lese i prosjektet, i ei større gruppe.

Den store og avsluttande bokormfesten blir denne gong torsdag 10. april.



**Ordførar Kyrre
Lindanger opna
Bokormen
2007/2008**



Bokomtalar

1: Boka eg har likt best til nå heiter

2: Forfattar

3: Eg likte godt boka fordi

Faltin Våge

1: Den vesle vampyren i fare.

2: Angela Sommar Bodenburg

3: Den var spennande. Den var også litt morosam. Eg har lese dei andre bøkene også. Den vesle vampyren i fare, det er ein serie.

Stian G. Pedersen

1: Gravbøgen våkner

2: Sigbjørn Mostue

3: Det er ei fantasy bok. Den var spennande. Det er ein nisse og ein gut som heiter Espen. Eg likte boka fordi det skjer mange ting. Eg vil fortsette på bok nummer to.

Joar Kvinnesland Øvrebø

1: Første tørn på Havterna.

2: Torvald Sund

3: Ho var kjekk. Eg likte forfattaren. Det handla om fiske og båtar, og det synes eg er kjekt.

Cristopher Strand Vik

1: Kaptein Puma i kattepine

2: Tor Åge Bringsvær

3: Eg likte boka fordi den var gøy å lese. Handlinga er at dei skal kome seg vekk frå ein planet og medan dei er på planeten skjer det mange ting.

Simen Havikbotn

1: Profetiens utvalgte

2: Ruben Eliassen

3: Eg liker fantasy. Den var spennande. Det skjer noko heile tida. To ungar skal redde verda.

Sofie Rossebø

1: Det kvite pulveret og skatten i Skutavika
2: Atle Hansen
3: Eg likte bøkene fordi det var så mykje spenning i dei. Eg likte dei best fordi det skjedd nesten noko heile tida, og fordi eg liker fantasy bøker. Dei var så spennande at eg ikkje klarte å leggja dei i frå meg.

Tonje Kro Medhaug

1: Vi gir oss aldri
2: Bente Bratlund
3: Det skjedde skumle ting, og det var passe med tekst. Det var ein mann som var kjærast med mor til ei jente, og han prøvde å ta jenta.

Henriette Jøsang

1: Landet bak landet
2: Holter og Jakobsson
3: Ho er Kjempekjekk! Den handlar om Tomas som er på ferie i Frankrike. Han møter Ninnoc, ei jente som han blir venn med. Dei går inn i ei kyrkje. Der ser dei skumle ting! Dei kjem til ei anna verd.

Martine Alvestad

1: Den tredje nøkkelen
2: Anne Berit Aspås
3: Det var mykje spenning. Det var fem born som var sysken. Dei skulle bu hos ein gammal slekting. Då dei kom fram viste aldri slektingen seg, og det dukka opp hemmelighetsfolk og tre nøklar, og lappar som det stod kom dykk vekk på.

Karen Hetland


1: Rampete Robin
2: Francesca Simon
3: Forfattaren skriv ganske bra. Den handlar om rampete Robin og den perfekte lillebroren Peter. Rampete Robin skulle på campingtur til Frankrike. Dei låg i eit telt, men rampete Robin tok trepluggane og brukte dei som ved.

**Lisbeth Skjelde**

1: Vi gir oss aldri
2: Bente Bratlund Mæland
3: Den var spennande og kjekk. Den handla om ei jente som budde saman med mora si, og så fekk mora ein kjærast. Ein gong når ho var aleine heime så kom han mannen og prøvde å ta jenta, men då sprang ho til veninna si.

Jone Hognaland

1: Svein og rotta på dragrace
2: Marit Nicolaysen
3: Den var gøy. Dan skal på dragrace. Der skjer det masse rart. For eksempel tarrottene til Svein og Dan og pissar oppi hjelmen til halvsøstera til Dan.

**Renate Eide**

1: Landet bak landet
2: Holter og Jakobsson
3: Den var spennande og kjekk. Det skjedde masse. Det handla om ein gut og ei jente som gjekk inn i ei kyrkje om natta, og så byrja det å skje mange ting.

Tommy Kjellesvik Grønnestad

1: Doktor Proptors prompepulver
2: Jo Nesbø
3: Ho var kjekk. Doktoren var morosam. Han prøvde å lage prompepulver, men hamna i fengsel.

Konrad Nilssen

1: Gullfiskeren
2: Steinar Hunnestad
3: Den handla om ein skulegut som ikkje likte skulen, og så kom han på ein båt til onkelan sin, og så skjer det mange ting.

Andrea H. Fostenes

1: Eg savner deg, eg savner deg.
2: Detter Pohl og Kinna Gieth
3: Den var spennande og kjekk, men også litt trist. Det var to tvillingar som vart 14 år. Så døde ho eine (Calie) i ei bil ulykke. Så får pappaen ein ny kjærast og ho har ein gut som heitte Albert.

Kristian Nilssen

1: Paris mysteriet
2: Bjørn Sortland
3: Den var spennande, og den er bra skrevet. Den var både løyen og skummel. Eg likte guten David best. Han fann på masse rart.



**Resten av bokomtalane
kjem i neste blad.**

Bokn idrettslag informerer

Idrettslaget hadde i februar sitt første styremøte med nytt styre. Vi har nå en rekke utfordringer foran oss i årets sesong. Det er nå sendt ut giro for årskontingenter, samt for bruk av våre treningslokaler. Vi sendte også med et vedlegg angående brikke til treningslokalet, der vi ber dere om å gi oss tilbakemelding om dere har brikke og ikke bruker lokalet, om brikkene er mistet og om du ikke vil/vil fortsatt bruke lokalene. Dette vil hjelpe oss å kunne registrere antall brukere mot brikkene. Det er 100 stk. brikker ute i systemet, men ikke like mange som bruker lokalet. Det er kostbart å få flere brikker, slik at vi ønsker å kunne gjøre mest mulig nytte av de brikkene vi har tilgjengelig. Skulle noen allikevel være glemt, vennligst ta kontakt med en av oss i styret slik at du/dere blir registrert hos oss.

Treningslokalene

Styret vil også minne om retningslinjene for bruk av treningslokalene, der ungdom under 16 år **SKAL** ha følge med en voksen, eller etter avtale med en i styret. Det er kommet inn bekymringsmeldinger om at mindreårige tar seg inn i lokalene og bruker vårt treningslokale som "lekestue". Dette er noe som går utover apparater og utstyr, da ikke alle har erfaring med bruken av disse. Vi er også redd for at noen kan bli skadet som et resultat av feil bruk. Vi ber medlemmer som har tilgang til treningslokalet om **IKKE** å ta med andre (ikke medlemmer). Vi håper å måtte slippe å stå vakt for å unngå flere slike meldinger.

Barnetrimmen

Styret ønsker å starte opp igjen Barnetrimmen. Det er idag ingen aktivitet for de minste fra 2-6 år i Bokn, og dette vil vi gjøre noe med. Vi setter nå igang en undersøkelse blant alle småbarnsforeldre, om hvem som kan tenke seg å være med på dette. Vi ser for oss, som en oppstart, at dette vil foregå én dag annen hver uke. Om dette blir suksess, må vi få det til én gang i uken. Vi ønsker snarest mulig tilbakemelding om hvor mange som ønsker å være med på dette, slik at vi kan jobbe videre med å finne ledig tid i gymsal. Tidspunkt vi vil prøve å få til er en ukedag (utenom fredag) fra f.eks kl.17-18. Men før vi går videre med å sjekke ut gymsalen, ønsker vi å ha på plass antall aktive og foreldre. Får vi f.eks 10 foreldre som ønsker å

være med, som da har med seg en "hjelper", og vi kjører annen hver uke, så blir ikke dette mye på hver. Det trenger heller ikke være et stort opplegg for å holde de små i aktivitet. Det er bare fantasiens som rår her. Håper flest mulig ønsker å få dette igang igjen, slik at våre minste også skal få sitt tilbud i Bokn.

Ballbingen

Vi er ennå i en tidlig fase av prosjektet, men vi håper allikevel å kunne sette spaden i jorda før sommeren. Det jobbes nå med å innhente de nødvendige papirer for å kunne bygge bingen etter dagens krav og reglement iht. støy og bruk. BIL vil holde dere informert om prosjektet så snart vi har noe nytt.

Pluggen motorklubb

Trialgruppa er i full gang med "flyttesjauen" sin fra Knarholmen. Det gjenstår enda mange dugnadstimer før ny bane og andre fasiliteter er klar på Torland, men med den type dugnadsånd denne gjengen har, så skal de nok få dette til også. Det er bare et knapt halvår til det fyres igang Norgescupfinale på Torland!

Det er rett før serien sparkes igang for fotballen og vi ønsker alle våre påmeldte lag lykke til i årets sesong. Vi vil informere om kampoppsettet så snart dette er klart. Trenere og oppmenn er på plass, og vi takker for den innsatsen de gjør for å holde dette igang. Stå på gutter og jenter!!

Det nye styret i BIL består av følgende:

Leder: Chr.Bottolf Knutsen
 Husansv.: Åse Vatnaland
 Kasserer: Annbjørn Sunde
 Treningslokale: Arvid Jøsang
 Fotballansvarlig: Brent Mikkelsen
 Styremedl.: Grethe Alvestad
 Styremedl.: Rita Nesvik

mvh

Chr.Bottolf Knutsen
Leder BIL.

Årsmøte i Bokn Næringsforum

Kari Christensen

Bokn Næringsforum holdt årsmøte 6. mars 2008.
 Leder Rune Vatnaland gikk gjennom årsmeldingen.

Forumet hadde et møte med formannskapet i april, og fikk en orientering om aktuelle saker. Forumet presenterte ønsket om være informert og bli kontaktet som et høringsorgan i næringssaker.

I neste møte med formannskapet er det et ønske å gjennomgå konklusjonene fra prosjektet "Kjekt på Bokn".

I mai arrangerte Næringsforum en temakveld med gründeren Jan Erik Fredriksen, en kløpper på markedsføring og salg. Møtet var til stor inspirasjon og ga mange gode ideer til bedre markedsføring og

profilering av bedrifter.

Kreativitetsprisen ble ikke utdelt i år da ingen av de innkomne forslagene på kandidater hadde eier/bedrift fra Bokn.

Nytt styre i Bokn Næringsforum er:

Kari Christensen (leder)
 Rune Vatnaland (nestleder)
 Tormod Våga (sekretær)
 Tor Harald Alvestad (styremedlem)
 Varamedlemmer er Sigmund Alvestad, Ann Jeanette Olaussen og Helge Solberg.

Trangt om plassen på bedehuset

Kari Hetland

Speiderbasaren på bedehuset er en begivenhet som trekker folk i alle aldre. At de blir forviste til gangen hører heller til sjeldenhetsene.

Programmet for kvelden var loddkjøp og bespisning. Dette ble avviklet i to omganger og på skift. To av speidergruppene hadde også leker. Den ene med å



Da Svanhild Alvestad åpnet basaren var salen oppe full og gangen måtte tas i bruk. På speidernes basar hadde hun vært med på samtlige, men kunne ikke huske at det hadde vært så mange tidligere. Gevinster og kaffemat var tatt med av de som kom.

"Vær beredt" – Speidernes hilsning

Merete Alvestad fortalte om sin oppfatning av speidernes hilsning da hun var barn. Det kunne være militærhilsning og strengt, eller til å skygge for sola (speiding). Dette stemte ikke, noe hun fant ut senere. Når en speider sier "Vær beredet" og hilser flagget med å forme tommel og pekefinger som en o skal dette symbolisere speidere som er knyttet sammen verden over. De tre fingrene som blir holdt sammen opp til hodet under hilsningen skal vise speiderlova.

finne fra deltagerne i salen forskjellige ting som ble lest opp. Det kunne være en sokk, nøkkelenknippe eller leppestift. Andre lek gikk ut på bit av eple i en skål med vann og etterpå i et fat med mel for å få fatt i smørbukk karamellen som gjemte seg i melet. Resultatet ble hvitt fjes til stor latter fra salen.

Gevinstene var varierte. Her var alt fra hjemmestrikkede sokker, sengetøy, lys, konfekteske, blomst med potte til stor heklet skilpadde i mange farger. Hovedgevisten var stort vevd teppe i blå toner med speiderens valgspråk. Dette hang fra talerstolen hele kvelden og ble trukket tilslutt. Den heldige vinneren ble Ingrid Håland.

Det var mye mat og det gikk med når det var så mange som fant veien til speiderbasaren.

Årsmelding fra Bokn hagelag

Bokn hagelag har i 2007 bestått av :

Leder: Kerstin Larsen

Nestleder: Siv Mariann Overå

Sekretær: Berit Merete Øvrebø

Kasserer: Ann Jeanette S. Olaussen

Styremedlem: May Jorunn Vatnaland

Styremedlem: Grete Alvestad

Styret har i år avholdt 3 styremøter.

Hagedagen hadde vi 5. Mai, da kom Johan Sandvik. Han hadde godt utvalg i blomster, busker og trær.

Det var også diverse andre salgsboder, masse folk og fint vær.

17. Mai pyntinga blei i år som i fjor, pynta med uteplanter på bordene og scenen.

Hagelaget gav ein fin blomtergave til den nye åpningen av

Bokn Handelslag.

Ellers hadde vi julearrangement med besøk fra Rossabø blomster, med stor oppslutning.

Referat fra årsmøte i Bokn hagelag 13/2-2008:

Samtlige fra styret møtte

1. Møteinkallingen godkjentes
2. Følgende gikk ut av styret: Ann Jeanette S. Olaussen, May Jorunn Vatnaland og Grete Alvestad
3. Følgende inn i styret: Malin Taraldlien og Silje Aksdal
4. Årsmeldingen ble gjennomgått og godkjent
5. Regnskapet for 2006/2007 ble gjennomgått og godkjent.
6. Styret takket avgående styremedlemmer med blomster.

Scrapbooking

-en super hobby til stor glede for hele familien-

Anette Våga

Alle tar vi bilder, og noen av oss har allerede sørget for orden i bildebunkene og albumene. Andre lar bildene ligge i esker og konvolutter, nederst i en skuff eller et skap, eller kanskje bildene ikke en gang blir fremkalt?! Etter digitalkameraenes innmarsj er det desverre altfor mange flotte bilder som aldri kommer lengre enn til harddisken på PCen eller ligger brent fast på en CD.

Scrapbooking er en hobby hvor fine fotoalbum blir til av egne foto og passende tilbehør. Det er hobbyen som gjør det morsomt og sosialt og få bildene i albumer, samtidig som en får utløp for kreativitet og fingerferdighet, som for noen føles som den reneste egenterapi. Historien og stemningen rundt bildene blir understreket, og dette fører til at det blir ekstra gøy å bla gjennom albumene. Målet er å lage noe som en selv, familien og slekten vil ha glede av i mange generasjoner framover.

Scrapbooking er en amerikansk hobby som for alvor ble introdusert i organiserte former så sent som på 90-tallet. På tross av sin unge alder har hobbyen allerede en enorm tilhengerskare i Statene, og er en milli-



Solrun Ognøy og Bianca Alvestad får brukt kreativiteten og fingerferdigheten i scrapbooking.

ardindustri "over there". Også her til lands er scrapbooking i ferd med å utvikle seg til å bli en hobby med stadig flere entusiastiske utøvere, og et økende antall tilbydere av utstyr. Noen mener at scrapbooking idag, er i ferd med å bli det som quilting og håndarbeid var for kvinner i tidligere generasjoner.

Gode minner, foreviget og oppbevart i kreative vendinger på allrommet på Boknatur

Tirsdag 12. februar var en ivrig gjeng samlet, for å se og høre hva kunnskapsrike Hege Ness, som driver Scrappekjelleren i Haugesund, hadde å komme med av tips og ideer til både de bevandrede og ubevandrede, etter at hun selv nylig hadde vært på messe i Oslo.

Scrapbooking er jo en personlig hobby, og noen vil oppleve at de nesten bobler over av kreative idéer når de holder på, med svært kreative og personlige resultater. Andre ønsker seg gjerne litt "drahjelp" i en startfase, eller tips om hvordan man kan få pene resultater på tross av begrenset tid og ferdighet. Noe som jeg tror vi alle fikk etter denne kvelden.



Tone Hognaland og Elin B. Eidesvik i gang med å bevare bilder og minner, både for seg selv, familie og slekt.

Scrapbooking for nybegynnere:

Før en begynner

Scrapbooking handler altså om å bevare bilder og minner, og det finnes en rekke ulike teknikker og materialer for pynting; mønsterpapir, kartong,

stempler, klistermerker, knapper, silkebånd, binders, etc. Alt dette blir satt sammen på en morsom og kreativ måte. Det er bare fantasien som setter grenser for hvordan albumsidene kan bli pyntet. En scrap-

book-side er bygget opp rundt ett eller flere bilder som i seg selv, og/eller med tekst, forteller en historie.

Bildene

Det første en bør tenke på, er å finne et tema for siden en vil lage. Temaet kan f.eks være baby, bryllup, konfirmasjon, vår, sommer, høst, vinter, reise osv. Hva skal man så scrappe? Å velge ut bilder er ikke bestandig like lett, men det er viktig å tenke på hva det er en ønsker å fortelle. I utgangspunktet kan man scrappe alle bildene, men det er lurt å velge ut de bildene som en synes forteller historien best og kvitte seg med de uskarpe bildene.

Materialer

Basismaterial til scrapbooking er album, som har plastlommer som beskytter hver enkelt side, lim, syrefritt papir/kartong (mönstret og farget), saks, tusjer/pennar og skjærebrett.

Grunnen til at det må være syrefritt materiale, er at papir med syre gulner med tiden og ødelegger samtidig bildene.

Ytterligere materialer som gjør det enda morsomme er klistermerker, binders, knapper, perler, garn/

tråd, silkebånd, stempler, utstansingsverktøy, mønstersakser, små selvklebende plastlommer for å eksponere små minner (f.eks en hårløkk, mynter o.l.), og ellers alt hva en har tatt vare på og kan tenke seg å bruke; fra servletter til flybilletter.

Teksten

Den enkleste måten er å beskrive hvem, hva, hvor og når til bildet, men å gjøre teksten om til en liten fortelling, gjør albumet enda mer spesielt. Hvis en ikke ønsker å skrive selv, kan en f.eks skrive ut på PC'en. Der finnes det mange forskjellige skriftypene å velge mellom.

Tenk- før en limer

Når bildene er klare, og en har tenkt ut hva en skal skrive, så er en klar til å sette alt på plass, og pynte siden. Det er viktig å vente med limingen til en har alt klart, ellers har en ikke mulighet til å forandre på siden om en ikke er fornøyd. Pynten på siden må gjerne fremheve det temaet en har valgt.

Scrapbooking gir bildene nytt liv, og har man først begynt, er det ingen vei tilbake!

Lykke til!

Ny ballbinge

Jardar Havikbotn



29. februar: Entreprenør Odd Grønnestad og formann i Bokn idrettslag, Christian Bottolf Knutsen, måler opp 21 meter. Bingen vil ligga heilt intil eksisterande veg/parkeringsplass - parallelt med grasbanen.

Arbeidet med ballbingen i Føresvik nærmiljøanlegg er starta opp.

Storprosjektet Føresvik nærmiljøanlegg består av fleire nærmiljøanlegg som grensar til kvarandre. Ein ballbinge er åleine eit slikt anlegg. Bokn kommune har fått kr. 200.000 til arbeidet, og me håpar på at bingen ved klubhuset til Bokn idrettslag (BIL) skal stå klar til sommaren.

Dugnadsbasert

Som i Havnavegen er dette ballbinge-prosjektet også dugnadsbasert. I tillegg til at BIL stiller tomt til disposisjon har dei også sagt seg villige til å stilla på dugnad. Det same har Føresvik velforening gjort. Det er formann i BIL, Christian Bottolf Knutsen, som skal organisera dette arbeidet. Underteikna er byggeiarar, og vil få god bruk erfaringane frå ballbingen i Havnavegen.

Støy og miljø

Etter at bingen i Havnavegen stod ferdig hausten 2005, har det vore mykje fokus på ballbingar og støy og miljø. I september 2006 kom Helse- og omsorgsdepartementet med veiledding ang. støyutredning ved ballbingeprosjekt. Nå før påske er me i denne prosessen, der me m.a. har valt ein bingetype som tar dette med støy og miljø alvorleg.

FUSA MultiMiljø Arena Ballbinge er første produsent i landet av støyisolerte ballbingar. Dei leverer også med dokumentasjon på støymengde frå anlegget. Dessutan er veggane basert på bygkekassettar, slik at ein vegg som ligg i nærleiken av eit hus t.d. lett kan byggast høgare. Bingen vil også få sperrenett der dette blir nødvendig.

Kulturkalenderen

Nye arr. blir **utheva**

Mars

- 20. Påskemåltid - Frelsesarmeens kl. 19.00, bedehuset
- 21. Gudsteneste kl. 11.00
- 23. Gudsteneste kl. 15.00
- 25. Speidaren har troppsmøte i Loden
- 26. Eventyrstund på biblioteket kl. 17.00
- 27. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
- 29. Bokn dansekubb, påskefest kl. 14.00 Alle velkomne
- 30. Sundagsskule kl. 10.30 på bedehuset
- 30. Bingo på skulen kl. 16.00, Bokn musikkorps
- 30. Møte, Karmsund ABR-senter kl. 19.30, bedehuset
- 31. Bibellesing kl. 19.30 på bedehuset

April

- 01. Speidaren har patruljemøte
- 01. Formannskapsmøte
- 04. Kino i Auditoriet
- 4.-5. **Swingkurs på Bokn skule**
- 06. Gudsteneste kl. 11.00. Løftefornyng speidaren
- 06. Familiespeiding kl. 15.00 Boknafjellet—Oppmøte Vaulen
- 06. Møte NMS på bedehuset kl. 19.30
- 08. Speidaren har førarmøte
- 10. Kontaktmøte for bedehuset kl. 18.00
- 10. Forvaltningsstyremøte
- 12.-13. Seminarhelg Bokn musikkorps på skulen
- 13. Sundagsskule kl. 10.30 på bedehuset
- 13. Møte—Normisjon kl. 19.30 på bedehuset
- 14. Bibellesing kl. 19.30 på bedehuset
- 15. Speidaren har pionering i småspeidarskogen
- 16. Kommunestyremøte
- 18. Kino i Auditoriet
- 19. Speidaren arr. Kampen om Vikingskipet, Kyrkjebrygd
- 20. Vårkonsert Bokn musikkorps på skulen
- 20. Gudsteneste kl. 19.00 - samtalegudsteneste med fest etterpå
- 23. Eventyrstund på biblioteket kl. 17.00
- 23. **Basar på skulen kl. 19.30, arr. Sjømannsmisj.**
- 24. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
- 27. Gudsteneste kl. 11.00 - konfirmasjon
- 28. Bibellesing kl. 19.30 på bedehuset
- 29. Speidaren har pionering i småspeidarskogen

Mai

- 01. Møte - Frelsesarmeens kl. 19.00 på bedehuset
- 02. Kino i auditoriet
- 03. **Hagedag på skulen kl. 11.00 –13.00**
- 04. Sundagsskule kl. 10.30 på bedehuset
- 04. Familiespeiding kl. 15.00 på nærmiljøanlegget, Fyren
- 06. Speidaren har førarmøte
- 06. Formannskapsmøte
- 11. Gudsteneste—pinsegudsteneste i Tysvær kyrkje
- 16. Speidaren riggar til 17. mai
- 17. Gudsteneste kl. 10.30
- 18. Sundagsskule kl. 10.30 på bedehuset
- 18. Møte - Misjonssambandet kl. 19.30 på bedehuset
- 23.-25. Speidartur til Vågholmen
- 24. Bokn dansekubb, Vestlandsserien i Haugesund
- 25. Sundagsskulen deltar i gudsteneste i Loten kl. 11.00
- 29. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
- 30. Kino i Auditoriet

Juni

- 01. Familiespeiding kl. 15.00 i Ognahabn
- 01. **Gudsteneste kl. 19.00**
- 03. Speidaren har troppsmøte i Loden
- 03. Formannskapsmøte
- 04. Sanitet har basar kl. 19.00 på skulen
- 05. Forvaltningsstyremøte
- 7.-8. Bokn dansekubb til NM i Bergen
- 08. Sundagsskule - avslutning før sumaren kl. 10.30
- 08. Møte - Gideon kl. 19.30 på bedehuset
- 12. Bokn dansekubb, sommaravslutning m/ danseoppvisning - alle velkomne
- 15. **Gudsteneste i Loten kl. 11.00**
- 17. Kommunestyremøte

Juli

- 12. Sommarmarknad Foresvik

August

- 22. Kino i Auditoriet
- 26. Formannskapsmøte

September

- 05. Kino i Auditoriet
- 07. **Norgescupen, trial—arr. Bokn idrettslag**
- 16. Formannskapsmøte
- 19. Kino i Auditoriet
- 25. Museumsstafetten 2008 kjem til Bokn
- 30. Kommunestyremøte

Oktober


- 03. Kino i Auditoriet
- 17. Kino i Auditoriet
- 21. Formannskapsmøte
- 28. Formannskapsmøte
- 31. Kino i Auditoriet

November

- 04. Kommunestyremøte
- 14. Kino i Auditoriet
- 18. Formannskapsmøte
- 27. **Juledekorasjoner, Allrommet kl. 17.30—arr. Bokn hagelag**
- 28. Kino i Auditoriet

Desember

- 09. Kommunestyremøte
- 12. Kino i Auditoriet





På kino 4. april



Kl. 18.00

**SOS Svartskjær**

Aldersgrense: 7 år
 I stiv kuling stamper et stort lasteskip nordover.
 Ved Svartskjær fyr får de det avtalte signalet, og to røde blåser kastes over bord. En liten båt jaeger fra land for å plukke dem opp.

Kiosk fra kl.
17.30
Velkommen til
kino!

Denne spenningsfilmen, inneholder flere truende forfølgesessener som gjør at den får 7-årsgrænse. Enkelte skildringer med barn i farlige situasjoner, gjør at filmen frarådes underårlige.



Kl. 20.00

Kautokeino-opprøret

Aldersgrense: 11 år
 8. november 1852 er en mørk merkedag for samer i Norge. Da gikk en gruppe samer til angrep på det norsk storsamfunnet personifisert av handelsmann, lensmann og prest i bygda Kautokeino. Forsøket på revolusjon endte i tragedie.

Filmen inneholder enkelte brutale scener og henrettelser, men disse er kortvarige og lite nærgående. Derfor får filmen 11-årsgrænse og frarådes barn under 11 år.

Minneord**Kjell Kro** er død, nær 85 år gammal.

Han var fødd og vaks opp på Austre Bokn. Foreldra, Kirsten og Anders Kro fekk 6 barn. Kjell var einaste guten, og nr. 5 i rekka. Då Kjell var 20 år mista han begge foreldra i løpet av få veker, og han tok da over drifta av garden. I tillegg til gardsdrifta, dreiv han også fiske og tømmerarbeid. I 1946 gifta Kjell seg med Margit Våge frå Kopervik, og dei fekk etterkvar 4 barn.

For omlag 26 år sidan fekk Kjell øydelagt ryggen i ei arbeidsulykke og han vart då uføretrygda. Det vart mange år med mykje smerter og sterke medisiner. Etter ulykka fekk Kjell oppleve å verte ein kristen. Dette vart svært viktig for han, og han nyttar mange høve til å fortelje kor stort dette var. Han vart ein ivrig "bedehusmann" og gjekk også mykje i kyrkja. Kjell lika godt å synge, og saman med kona Margit og fleire venner danna dei ei songgruppe. Denne gruppa gav han stor glede.

Kjell Kro var eit aktivt, engasjert menneske. Han kom tidleg med i politikken i Bokn, var med i ulike nemnder og styre, og var aldri redd for å gje uttrykk for kva han meinte. Han var ein ærleg og uredd person, og var svært oppteken av rettferd. Han brydde seg om sine medmenneske og stilte gjerne opp når nokon trøng hjelp, anten det gjaldt praktiske ting eller behov for nokon å snakke med.


Familien var viktig for Kjell, og han var ein god og kjærleg ektemann og far. Barna fortel om ein far som

var raus, som gav dei ansvar og som var oppteken av å lære dei skilnad på rett og galt.

For 5 år sidan flytta Kjell og Margit til Stavanger, der dei fleste i familien bur. Her fant dei seg godt til rette og fekk mange gode venner, både i blokka på Gausel, i Gausel menighet og på bedehuset på Hinna. Mange vil sakne Kjell sin song og hans likeframme måte å vere på.

Kjell Kro etterlet seg si kjære Margit, 4 barn og svigerbarn, 10 barnebarn og 7 oldebarn.

Me lyser fred over Kjell Kros minne.



Magda Grønnestad døde 14. februar, 96½år gammel.

Hun er født og oppvokst i Ørvabøvågen på Austre Bokn, og flytta til Våga da hun var 14 år. Magda var nr. 4 i en søskjenflokk på sju, og datter av Kirstine og Thorvald Øvrebo. Hun dro tidlig ut i tjeneste. Først hos forskjellige familiær i Bokn, både som hjelp i huset og med gardsarbeid. Seinere hadde hun fire forskjellige husposter i Stavanger. Lange og travle arbeidsdager, som for de fleste på den tida.

I 1939 gifta hun seg med Bertin Grønnestad og de slo seg ned i Stavanger, der de fikk sitt første barn, Sylvia, i 1944. I 1948 flytta de til Hinna, der de hadde bygd hus med verksted, så Bertin hadde arbeidsplassen og hjemmet på samme sted. I 1949 blei deres andre barn, Toril, født.

Magda var et hjemmets kvinne, alltid tilstede for mann og barn. Men ikke bare for dem, også læregutene på verkstedet var som oftest med til middag hos henne. Besøkende, ikke minst fra Bokn, blei også tatt godt vare på.

Magda tok seg også av den store hagen som de hadde. Det vokste fram både poteter, grønnsaker og blomster. Hun var hele livet glad i hagen, det var stor stas å spa opp, om det så bare var et par stilker poteter fra egen hage! Blomster på bordet hadde hun alltid, helt til siste gang Toril besøkte henne hjemme i huset på Bokn.

Håndarbeid var også en kjær ting. Hun både strikket og sydde klær, og heklet mange nydelige duker og sengetepper. Hun likte også å lese bøker, lånte ofte bøker på biblioteket.

I tillegg sto hun for regnskap og lønnsarbeidet for snekkerverkstedet.

Hun var veldig omsorgsfull, tenkte aldri på seg selv. Alt måtte være i orden og tilrettelagt for mann og barn. Maten på bordet, klær og hus i orden.



Magda var også med i misjonsforening, og var en flittig kirkegjenger så lenge hun hadde helse til det.

I 1963 omkom Sylvia i en bussulykke. Dette var et forferdelig slag, og verken Magda eller Bertin kom vel helt over det noen gang. Hun fortsatte likevel å gi alt hun hadde av omsorg til resten av familien.

Magda flytta til Bokn i 1973 og var der store deler av året.

Hun var, på tross av forskjellige helsemessige problem, oppegående og sjøljhulpen til det aller siste. De to-tre siste månedene av livet fikk hun være på sjukestova i Bokn. Sjøl om hun aller helst ville klare seg sjøl i eget hjem, følte hun nok trygghet i å få være der etterat hun fikk store hjerteproblem.

Hun etterlater seg ett barn, tre barnebarn og tre oldebarn.

Anny Ørke er død, 81 år gammel.

Hun ble født i Kopervik og flyttet til Bokn da hun var to år. Hun vokste opp på Boknaberg sammen med foreldrene Alida og Johan Søndenå.

Anny var hjemmeverende, men arbeidet også på hermetikkfabrikken i Foresvik og som renholder i fjernsynssenderbygget på Boknafjellet.

Hun var glad i å hekle og strikke, og å stelle med blomster – både inne og ute. I tidligere år var hun også med i foreningsarbeid.

En snill person med stor omsorg for barn, svigerbarn og barnebarn har gått bort.

Hun etterlater seg to barn, ett svigerbarn og ett barnebarn.



Nabovisitt og årsmøte i ABB

Kari Christensen

Austre Bokn Bygdalag (ABB) avholdt årsmøte 5. mars. Men først tok laget ut på tur til StatoilHydros anlegg på Kårstø, hvor vi var invitert til informasjon og omvisning.

En delegasjon av 15 nysgjerrige kvinner og menn i felles buss med Trond Nedrebø som sjåfør. I flokken var det også to spesielt inviterte – ordfører Kyrre Lindanger og leder i Bokn Næringsforum, Rune Vatnaland.

En mektig nabø

Laget ble tatt imot av informasjonsmedarbeider Jan Mæland Tangen og Kjell Gunnarshaug. Besøket startet med orientering om driften av dette som er Europas største og verdens 3. største gassprosesseringsanlegg.

Anlegget spiller en nøkkelrolle når det gjelder transport og behandling av gass og kondensat fra viktige områder på norsk kontinentalsokkel. Og for det lille samfunnet på Austre Bokn er denne giganten faktisk nærmeste nabø! Ikke rart at alle forhold som gikk på miljø og sikkerhet fanget stor oppmerksomhet.

Ut på anlegget

Etter orientering, film og mat var det rundtur med buss på fabrikkrområdet som er på 1080 mål. Vi passerte gasskraftverk, kaverner, lagertanker, utskipningsanlegg og rørledninger. Et imponerende skue – særlig i kveldsmørket, hvor vi fikk betrakte "skyline'en" på Kårstø med tusenvis av lys på nært hold.

Årsmøte

Etter turen var det årsmøte, med vanlige årsmøtesaker. Laget har hatt et aktivt år og gjennomført flere gode nærmiljøsaker.

Nytt styre (stort sett gjenvilg):

Kari Christensen, leder
Tormod Våga, nestleder
Grete Drilen Jøsang, sekretær
Osmund Våga, kasserer
Susanne P. Grønnestad, styremedlem/leder av org.komiteen
Gunnar Solberg og Harald Øvrebo (ny) varamedlemmer/medlemmer i org.komiteen Brynhild Tranberg revisor.



Me gratulerer

Eg vil gratulera beste-venninnå mi **Therese** med 21-års dagen søndag 9. mars.
Gla i deg :)
Masse klemmar fra **Hanne**.



Vi vil gratulere mamma/mormor/oldemor og svigermor, **Judith Grønnestad** med 70 års dagen den 26/3.
Det blir åpent hus på allrommet fra kl 15 til 19 lørdag den 29/3


Klem fra alle dine.



Hipp Hipp Hurra !!!
Gulljentene mine fyller år 6. mars.
Tone Hognaland 24 år og **Madelene Knutsen** 5 år.
Gratulerer så masse med dagen begge to.
Ps. Me glede oss te den neste i april.
Hilsener og gratulasjoner fra **Christian**



Hipp, hipp hurra for **Morten Valentin Våge** som fyller 50 år lørdag 8. mars.
Hilsen gjengen på Austre Bokn



19. Mars er den blide gullgutten våres **Johannes G. Alvestad** 1 år.
Stor klem og mange gratulasjoner fra **farmor, farfar og tante Irene**



Hei, **Ole Christian!** Gratulera med 1 årsdagen 1. mars
Hilsen onkel Anders, bestemor og bestefar på Bokn



Me vil gratulera barnebarnet vårt **Jonas** med 2 årsdagen som var 8. januar. Og som storebror til **Bjørnar** som ble fødd 9. februar
Hilsen stolte besteforeldre på Bokn

Frå formannskapsmøtet 05.02.08**Sak 002/08 Fag– og timefordeling frå 01.08.08****Formannskapet vedtok:**

1. Formannskapet fastsett at auken på 5 veketimar blir fordelt slik at kvart av deo 4 årsstega (1.-4.) får ein time og eitt kvarter meir undervisning i veka, fordelt med 30 minutt norsk, 30 minutt matematikk og 15 minutt engelsk.
2. Formannskapet godkjenner fag– og timefordelinga for årsstega 1. –10., frå 01.08.08, slik det er lagt fram.
3. Formannskapet gir rådmannen fullmakt til å gjere endringar ved behov. Formannskapet skal ha melding når det blir gjort endringar.

Sak 003/08 Inndelinga av skuledagen og skuleveka frå 01.08.08**Formannskapet vedtok:**

1. Formannskapet fastsett fylgjande start– og sluttider for skulen frå 01.08.08:
 - a. Alle elevane startar kl. 08.20 kvar dag.
 - b. Alle elevane sluttar samtidig 3 dagar i veka (tysdag 14.10, onsdag 13.10 og torsdag 14.10)
 - c. 2 dagar i veka sluttar elevane til to forskjellige tider (kl. 12.10 og 14.10, måndag og fredag.)Desse 2 dagane er det midtskyss i tillegg til vanleg skuleskyss.
2. Rådmannen kan gjere endringar i start– og sluttidene, så lenge behovet for midtskyss (ekstra skyss) ikkje blir auka.

Sak 006/07 Høringsuttale - "Sørheimutvalgets" innstilling til nytt inntektssystem**Formannskapet vedtok:**

Formannskapet vedtar vedlagte høringsuttale til Sørheimutvalgets forslag til nytt inntektssystem

Formannskapet vil gi uttrykk for at ein er sterkt kritisk til Sørheimutvalget sitt forslag til endring i inntektssystemet som vil få store, utilsikta og uføresette verknader for småkommunar som Bokn. Bokn kommune er den kommunen i landet som vil få det største tapet på kr. 11.333 pr. innbyggjar eller til saman kr. 8.726.000 dvs. ei reduksjon på heile 26,7% i forhold til rammetilskott og skatt i 2006.

Me trur verken Departementet, Regjeringa eller politikarane på Stortinget meiner at endringar i regelverket skal få slike konsekvensar for nokon kommune.

Sørheimutvalget sitt forslag må ha hatt som utgangspunkt at det ikkje skal bu folk i småkommunar som Bokn i framtidia. Noko som ikkje synes å vere i samsvar med dei signala Departementet gav kommunen i samband med kommunenesamslutningsprosessen kommunen var igjennom hausten 2006. Denne prosessen blei som kjend, avslutta med ei folkeavrystin som gav eit klart uttrykk for at folk i Bokn ynskja at kommunen fortsatt skulle vere eigen kommune.

Signalal frå den politiske leiinga i Departementet i denne prosessen var like klare: Det skulle ikkje vere redselen for ei svekking av kommuneøkonomien som skulle avgjere spørsmålet om kommunenesamslutninga.

Signalal frå Sørheimutvalget om inntektsreduksjon i kommunen vil vere

- Eit signal om at fråflytting er ynskjerlig
- Eit signal om at skuletilbod, helse– og omsorgstester må byggjast ned.
- Eit signal om at tidligare tildelte skjønnsmidlar skal trekkast tilbake.

Med det me treng er signal som skaper tryggleik for at Bokn kommune også i framtida skal vere ein god stad for busetting og utvikling.

For Bokn kommune er det viktig at det blir utarbeidd eit regelverk som gir kommunen forutsigbarhet i forhold til framtidige inntekter, samtidig som kommunen får ei inntektsutvikling på linje med andre kommunar.

Bokn kommune vil difor be Kommunal– og regionaldepartementet ta omsyn til kommunens merknader ved utarbeiding av forslag til nytt inntektssystem og legga fram konstruktive forslag som også tar vare på småkommunar som Bokn—gjerne gjennom eit eige småkommunetilskott som mellom anna vist i høringsuttalen frå kommunen.

Sak 009/08 Sal av kommunal eigedom - Føresvik**Formannskapet vedtok:**

Bokn formannskap vedtek å selje eigedom gnr. 9 bnr. 13 i Føresvik etter fylgjande retningslinjer/vilkår:

1. Høgast mulig pris.
2. Det skal byggjast ein molo som mest mulig fungerar som skjerming for øvrige eigedommar og fellesområder i sør.
3. Tomten skal ha høg utnyttelsegrad og bebyggast med naust.
4. Kommunen ønsker at kjøper samrbeider med nabo eigerar ved utvikling av området for å gi best mulig utnyttelse av området.
5. Kommunen forbeholder seg retten til å forkaste eit kvar tilbod.

Sak 010/08 Innkjøp av komtek og lokal matrikkel**Formannskapet vedtok:**

Formannskapet vedtok samrøystes å ikkje stetta tilrådinga om innkjøp av komtek og lokal matrikkel.



Frå forvaltningsstyret 28.02.08

**Sak 006/08 Reguleringsplan turveg Alvestad—
Alvestadkroken**

Forvaltningsstyret vedtok:

Saken utsettes. Før reguleringsplanen legges ut til offentlig ettersyn, må det vurderes andre løsninger ang. traseevalg. Vegen bør gå lenger nede ved sjøen for å hindre at det blir dobbel veg dersom det bygges naust.

Sak 007/08 Reguleringsplan for Krovågen

Forvaltningsstyret vedtok:

Forvaltningsstyret registrerer at det framlagte skisseforslaget er i strid med gjeldende kommuneplan. Forvaltningsstyret mener det er nødvendig å se hyttepolitikken i kommunen som en helhet, og anbefaler derfor at det ikke utarbeides reguleringsplan i denne omgang, men at framlagt skisse tas som innspill til rullering av kommuneplanen.

**Sak 008/08 Privat reguleringsplan—Trosnavåg gnr. 23
bnr. 4 og 8**

Forvaltningsstyret vedtok:

Forslag til privat reguleringsplan for hytter ved Trosnavåg, datert 12.12.07 med bestemmelser, legges ut til offentlig ettersyn i henhold til Plan- og bygningsloven.

**Sak 009/08 Søknad om ny lokalitet for oppdrett av
laksefisk ved Søre Vågholmen i Bokn kommune**

Forvaltningsstyret vedtok:

Forvaltningsstyret vil ikke på nåværende tidspunkt gi dispensasjon til etablering av oppdrettsanlegg for Grieg Seafood ved Søre Vågholmen, slik det er søkt om. Kommunen vil komme nærmere tilbake til saken ved en helhetlig gjennomgang av oppdrettslokaliteter knyttet til revisjon av kommuneplanen.



Bygdabladet for 20 år sidan

Frå nr. 2 1988

"BOKNATUN"

"Boknatun" kan bli namnet på kombygget. Bokn formannskap gjorde samråystes vedtak om dette på møte den 26. januar 1988.

Så er det opp til kommunestyret å ta avgjerd om dette blir det endelige namnet.

Tidlegare hadde kulturstyret gått inn for namnet "Varden", m.a. med henvisning til at kommunevåpenet har ein varde som symbol.

Både sekretær i kulturstyret og rådmann har tilrådd namnet "Boknatun".

Andre framlegg som har kome inn er:

Bokn Øyahus
Bokn Grendahus
Øytun
Viktun
Fjelltun
Bokn's Storhus
Bokn's sentrumshus


UTSETJING AV HARE PÅ BOKN

Medlemmene i viltnemda har sett ut 16 harar i Bokn.

Dette har kosta dei kr.4000,-.

Dei har og planar om å setja ut fasanar til ein kostnad av kr.2000,-.

Bokn formannskap har etter søknad frå viltnemda løyvd kr.2000,- til kjøp og utsetjing av vilt.



Strikkedilla

Reidar Alvestad

Strikkekafeen på Vevstova har sidan han starta i haust, vore ein populær tilhaldsstad annan kvar torsdag. Opptil 15 personar har dei vore på det meste. På jamna er dei 8—10 som møter opp.

- Hei, hei! Hallo - er det du som kjem! Klokka har passert seks, og den eine etter den andre dukkar opp i 3 etasje ved Vevstova når strikkekafeen startar opp annan kvar torsdag i gamleskulen på Boknaberg. Men ingen menn. Dei held seg til sundagstreffet ved sjøhusa i Krokvika.

Vevstova

Det var kvinnene på vevstova som tok initiativ til å starta strikkekafeen. Første gongen dei kunngjorde aktiviteten gjorde dei det under namnet: *Kjekt på Bokn*. Dette slagordet hadde dei rappa frå slagordet som Bokn kommune brukar på eit prosjekt som skal munna ut i ulike aktivitetar. Men det gjer vel ikkje noko, når dei får ting til å fungera. Like greit å hoppa i det når dei fekk ein god ide.

Læra av kvarandre

Dei to sesongane som dei har hatt open strikkekafe, har vore svært vellukka. Her har dei eit fint fellesskap på tvers av generasjonane, frå rimeleg unge kvinner til dei som snart passerar 80.

Og dei eldste er vel så ivrige som dei yngste. Mange har med seg oppskrifter, men mykje har dei lært seg gjennom livet, og dei andre lærer nytt. Kunnskapen er det ingen som held for seg sjølv. Det må formidlast vidare til dei andre. Alle strikkespørsmål får dei svar på i løpet av kvelden, men også ferdigheter innan hekling, felling, eller om ein maske har falle ned. For det er ikke berre strikking. Nei, både hekling og sying er populære aktivitetar. Praten går heftig, og humøret er på topp.



Frå venstre er Kari Are, Grete Iren D. Jøsang og Erna Borgenvik travelt opptatt med diverse typer handarbeid

Kaffi må til


Kaffi og påsmurde rundstykke saman med mange telys lagar ei koseleg ramme om ei koseleg stund kor praten går livleg. Kvinnene trives på strikkekafeen. Visste du ikkje at det er trendy å gå på strikkekafe? Jo, det har det vore dei siste åra både i USA, Oslo og København, skal ein tru avisene. Men også på mindre stader rundt om i landet. Og det er sosialt, uforpliktande lærerikt og inspirerande.

Mens strikkepinnane går intenst heile kvelden, er det vel nokon som lurer på om dei blir ferdige med det dei held på med snart, slik at dei kan begynna på noko av det dei har liggande halvferdig i ei korg.

Nå tar strikkekafeen ein lang pause fram til hausten og mørkare kveldar. Men då er det på 'an igjen for alle som vil koma i godt sosialt lag saman med mange koselege og strikkeglade sambygdingar. I strikkekafeen er alle velkomne, uansett alder.



Frå høgre sit Elly Borgenvik, Ragna Alvestad, Wenche Jøsang og Margunn Are med kvar sitt handarbeid





Velkommen til innskriving for 1. kl. 2008/2009 på Bokn skule fredag 25. april kl. 09.00.

Alle barn i Bokn som er fødde i 2002 eller før, og som ikkje har byrja i skulen, skal etter §2-1 i Opplæringslova skrivast inn.

Det kan innvilgast utsett skulestart med eitt år etter søknad frå foreldra/føresette. Likeeins er det høve til å søkje om framskoten skulestart med eitt år dersom barnet fyller 5 år innan 1. april 2008. Avgjerd om utsett eller framskoten skulestart skal takast etter sakkunnig vurdering frå PPT.

Søknadsfrist for begge er 15. mai 2008.

Det vert sendt ut innbyding til kvar elev med fleire opplysningar om innskrivningsdagen.

Velkommen til Bokn skule!

Med helsing

**Ingjerd Ellingsen
rektor**

VENNEKJØRING

Er du pensjonist/uføretrygda og treng skyss til å komma deg frå ein stad til ein annan? - t.d. til lege, ulike tilstelningar, handla på butikken m.m.

Nokre pensjonistar ønsker å vera tilgjengelege som sjåførar, og desse har ei vaktordning og ein mobiltlf. til disposisjon.



94 14 47 35

For å avtala tid, ring dette nr. - helst dagen før eller lengre tid på førehand.

Dei som brukar tenesta betaler til sjåfören -

- Kr. 3,- pr. km + kr. 0,50,- pr. km for kvar ekstra passasjer.
- Minstepris kr. 50,-

Informasjon om legetenesta

4. mars opna legekontoret på Bokn

Vår nye kommunelege, Dag-Helge Rønnevik, tar no imot pasientar på legekontoret på Boknatun. Alle nye pasientar er velkomne.

For bytte av fastlege kan ein gå inn på www.nav.no eller ringa fastlegekontoret på telefon 810 59 500. Det er per i dag ledig kapasitet hjå dr. Rønnevik.

Oppningstid kontor:

Tysdag, fredag og anna kvar torsdag (**i partals-veker**) kl. 08.30 – 15.00.

Telefontid:

Alle dagar kl 08.00 -11.00 og 13.00 - 14.00.

Telefon **52 75 25 40**.

Ved behov for øyeblikkeleg hjelp

Dersom du på dagtid treng øyeblikkeleg hjelp og ikkje kjem gjennom til legekontoret, kan du i nødstilfeller ringa direkte til sjukestova på telefon **52 75 25 30** eller nødtelefon **113**.

Etter kontortid (etter kl. 15.30) må ein ved behov for øyeblikkeleg hjelp ringa legevakta på telefon **52 77 07 00** eller nødtelefon **113**.

Bokn skule(1-10) har 120 elevar og ligg i Føresvik, 40 minutt frå Haugesund. Skulen er utbygd til eit moderne og

Du kan ikkje for det

Du kan ikkje for det, men det skjer det så skjer
I meg skinne solå uavhengigt av ver
Varme i sjelå, rolig i sinn
Eg blomstre opp med roser i kinn

Du kan ikkje for det, men har mystiske makt
Hjerta slår raskare, men med stødige takt
Underlig e det, eg prøve å forstå
Eg har aldri opplevd ein himmel så blå

Du kan ikkje for det, eg forstår jo det
Eg håbe bare at du vil vera med
Å leva samen med ein så meg
Då får du ein så e glad i deg
Kjetil Hamre
godt utstyrt skuleanlegg for Bokn kommune.
Bokn barnehage har 55 plassar og ligg tett ved skulen. Barnehagen har eigen leirplass og driv mykje med friluftsliv.

Frå 01.08.2008 blir det ledig stilling for:

Orientering om oppgjer for reiser til undersøking og behandling

Reiseutgifter skal dekkjast på grunnlag av billegaste reisemåte med rutegåande transportmiddel til nærmeste stad der du kan få helsetenesta.

Dersom helsa di gjorde det nødvendig å nytte dyrare transport eller å ha med følgje, må du leggje ved pasienttransportrekvisisjon eller erklæring frå behandlar.

Bokn kommune har fastlege. Dette er nærmaste stad der du kan få behandling hos fastlege. Reiseutgifter blir derfor ikkje lenger dekka til Aksdal.

NAV Bokn Trygd

Bygdabladet ynskjer alle lesarane sine ein riktig god påske!



HÅRSMIÅ



Velkommen til HÅRSMIÅ

Åpent alle hverdager

Har inne alle produkter i Ekslusive-serien
Inner effect - Goldwell
www.goldwell.com
Variert utvalg i vax for herrer
Tlf. 52 74 86 47 - 46 44 29 20
Mona

Utleige av minigraver 2500 kg

Pris pr. dag kr 800,- + moms.

Pris pr. veke kr 4000,- + moms.

Pris pr. dag kr 100,- + moms for leige av vridbar
pussekuffe.

Kontaktpersoner:

John Magne Lie
mob: 909 24 964

Kjell Frode Lie
mob: 907 83 797

SWINGKURS

på Bokn Skule fre. 4. april kl. 19.30-22.00 og
lør. 5. april ca. kl. 12.00-14.30 (vi avtaler på
fredagen).

Aldersgrense: f.o.m. ungdomsskulen, instruktør: Jan
Kvinnesland.
Kr. 150,- pr. person, Salg av brus.

Påmeld. innen 1. april til Marianne: 920 80 049 el.
Marita: 992 55 570



KROVÅGEN HESTESENTER

5561 Bokn – tlf. 91 12 08 01 – kachris@online.no

Nye ridekurs starter etter påske.

Vi har lørdagsleir 29.3., 5.4. og 26.4

Rideleir i sommer - uke 26, 27 og 28

Følg med på våre nettsider
www.kro-hest.no Tlf. 911 20 801

God påske!

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie
90 92 49 64

Kjell Frode Lie
90 78 37 97

Skade på bil

Bilen min, ein sølvgrå Toyota blei bulka i døra på
førarsida torsdag 7. februar på parkeringsplassen ved
barnehagen.

Har du sett/hørt noko?

Ta kontakt med Rita på tlf: 905 08 492



COOP MARKED BOKN



Opningstid

Påskeaftan 09.00 - 15.00

God påske!

Opningstider

Måndag - fredag
09.00 - 18.00

Laurdag
09.00 - 16.00

Drivstoff heile
døgnet

Kortautomat



Coop Marked Bokn søker ferievikarar



Coop Marked Bokn har behov for ferievikarar i tidsrommet medio juni til medio august.

Arbeidsoppgåvene består av kundebehandling, betjening av kasse, eksponering av varer og anna butikkarbeid.

Vi søker hovudsakleg personar over 18 år som er effektive, ærlege og samarbeidsvillige og har ei positiv service-innstilling. Vi kan tilby ordna lønns- og arbeidsforhold i eit triveleg og hektisk arbeidsmiljø. Nødvendig opplæring vil bli gitt.

Ved spørsmål, ta kontakt med personalsjef Ellen Myklebust, 52 71 94 00 eller Butikksjef Tor Harald Alvestad, 52 74 83 16.

Søknad med vitnemål og evt. attestar sender du til:

Coop Haugaland BA, Avd. 100
Coop Marked Bokn
Føresvikveien 1, 5561 Bokn
Merk konv.
"sommarjobb"

Innan 25. mars

NB!

- ✓ Nå er det lurt å spare i fond
- ✓ Stikk innom SpareBank 1
- ✓ Plasser pengene i et ODIN-fond

Historien viser at langsiktig sparing i aksjefond har gitt bedre avkastning enn vanlig banksparing, selv om en enkelte år kan oppleve store swingninger i aksjemarkedet. De fleste av oss har ikke anledning til å følge med i aksjemarkedet selv. Passerer du penger i et ODIN-fond vil kunnskapen og erfaringen til ODINs forvaltere gi deg muligheter for en høy avkastning over tid. Mens forvalterne jobber for deg kan du planlegge hva du vil gjøre med den forventede mer-

avkastningen som langsiktig sparing i aksjefond forventes å gi. Stikk innom SpareBank 1 i dag, så får du høre mer om hvordan du sparer i fond, og hvilke muligheter fondssparing gir.

Kjøp ODIN-fond av noen som kjenner deg.

Stikk innom SR-Bank Bokn eller ring oss på telefon 52 74 82 21 - så forteller vi mer!



bank · fond · forsikring · eiendomsmegling



www.sr-bank.no

Div. tenester på Boknatun

JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet mandag i oddetallsuker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61
Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

Bodil Ljones Auestad - jordmor

HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndager, onsdager og fredager kl. 8-15.30 - Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 46 93 69 65

Henriette S. Lindanger - helsesøster

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.

52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysiotapeut

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00 ved fysioterapirommet.

Enkelte laurdagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28

Direkte nr.: 52 75 25 33

Rita Bokneberg - fotterapeut

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatun kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre vekedagar, tlf. 52 75 71 75

Bjørn Bruaset - jordbruksjef



NAV BOKN TRYGD

Kontordid kl. 9.00 – 14.30
Telefondid kl. 8.00 – 15.30

Kundesenteret: 815 81 000

TANNLEGEKONTORET

Tysdagar kl. 08.30 - 15.00 Direktenr. 52 75 25 80

For endring av timeavtale: 52 75 45 20 - Tysvær

Ingjerd Hope Myklebust- tannlege

Stort forsidebilde:

Bokormen 2007/2008
Foto: Jardar Havikbotn



Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli.
Eit abonnement kostar kr. 325,- pr. år, gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

BYGDABLADEMND

Johannes Nilssen

Ellen Nedrebø

Lars Norekvål

TILSETTE

Jardar Havikbotn, redaktør

Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08

E-post: jardar@bygdabladet.no

Reidar Alvestad, journalist

Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04

E-post: reidar@bygdabladet.no

Linda Ognøy, medarbeider

Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82

E-post: linda@bygdabladet.no

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 625,-

Halvside kr. 375,-

Kvartside kr. 188,-

1/8 side kr. 125,-

Privatann. kr. 62,-

Fastann. etter avtale

www.bygdabladet.no

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 – 15.00.

Me kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus,m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11.
E-post: postmottak@bokn.kommune.no



Opningstider:

Mandag	09.00 - 11.30 (for skulen)
Tysdag	09.00 - 13.30
Onsdag	16.00 - 19.00
Torsdag	09.00 - 13.30

BOKN BIBLIOTEK

Ungdomsarbeidar med store planar

Jardar Havikbotn

Elisabet Taraldlien byrja 25. februar som ungdomsarbeidar i Bokn kommune.

Denne stillinga er nå blitt på 75%. Fram til sommaren skal Elisabet jobba som ungdomsarbeidar i 60 av desse, før ho etter ferien går opp til 75. Delar av stillinga kjenner ho til frå før, sidan ho tidlegare har vikariert i jobben i to og ein halv mnd.

Den glade og utadvendte dama frå Sigerfjord i Vesterålen, som nå har budd 20 år i Bokn, arbeider også i Bokn barnehage. Som ungdomsarbeidar deler ho kontor med jordbruksjefen, rett ved sida av Servicetorget, med tlf.

52 75 25 13 - 40 41 65 15.

Elisabet likar å jobba med unge menneske, og gler seg veldig til å komma i gong med ungdomsarbeidet. Ho ynskjer å bygga vidare på erfaringane ho gjorde i vikariatet sitt, der ho på kort tid opplevde gjensidig respekt med målgruppa.

- Nå er det i første omgang viktig å få Petra (fritidsklubben) oppe å gå så fort som mulig, seier 38-åringen.

Blant andre oppgåver i ein fersk arbeidsinstruks for ungdomsarbeidaren finn me utarbeiding av ny Barne- og ungdomsplan, oppstart av kafé, utvikla fleire aktivitetskveldar på Kyrkjebygdi kulturhus, klubbkveldane på laurdagane, ungdomsstoff til Bygdabladet og webredaktør for den nye nettsida til Petra.

petra.no

Fritidsklubben si website har vore under utarbeiding ei stund, og lanseringsutsettinga har samanheng med kontinuitetsmangel i ungdomsarbeidet. Elisabet har stor tru på at nettstaden skal bli mykje brukt og verka samlande for ungdommane. Informasjon til klubbmødlemmer og føresette er ein ting, ei aktiv nettside med m.a. bloggfunksjon er ein annan ting. Ordet internettkafé i andre etasje på Kyrkjebygdi kulturhus har den ferske ungdomsarbeidaren allerede nemnt fleire gonger.

I samarbeid med kultursjefen satsar Elisabet på lansering 1. april. Det vil komma informasjon om dette på bokn.no.

Tverrfagleg

I tillegg til kultursjefen er m.a. helsesøster, psykiatrisk sjukepleiar og rektor på skulen naturlege samarbeidspartnarar. I t.d. arbeidet med Barne- og ungdomsplan er ho svært glad for å samarbeida tverrfagleg. Planarbeidet ser ho veldig fram til, men er ikkje van med slikt arbeid.

Praktisk arbeid derimot er ho god på, seier ho sjølv.

Kontaktskapande, snar, open og omgjengeleg er andre stikkord.

Etter gymnas har Elisabet utdanning innanfor fiskeindustri-faget, ett år på sosialpedagogikk ved Høgskolen Stord/Haugesund og nå altså to år i Barne- og ungdomsarbeidarfaget. Fagprøven tok ho 21. Februar i år.

Ho har variert yrkesbakgrunn; 12 år på Bokn fiskemottak, der ho også var kvalitetssikringsleiar, to år som kafémedarbeidar på Arsvågen, to år hos Primex, Karmøy - foredling av rekeskall, tre år ved Frakkagjerd barnehage og



vel eit år i Bokn barnehage.

Tobarnsmora har også jobba hos A & O Video, som reinhardar på Bokn Plast, som kantinemedarbeidar på Kårstø og med vaksinasjon av smolt.

Kafé

Erfaringa si med kafé- og kantinedrift får ho truleg god bruk for. Møteplassar blir det aldri for mykje av, og ordet kafé har stått på trivselstiltakslista til kulturseksjonen i ei árrekke. Dama som er gift med Ronny Taraldlien mimrar om kiosken Aurora på kaien i Føresvik, og har fortsatt tru på at Føresvik er den rette plassen for ein slik møteplass. Ho er opptatt av at ungdom og andre skal ha ein slik stad, gjerne i samarbeid med Coop Marked Bokn. Prosjektet vil ha høg priorititet.

Fordelar

Kommunestyrrrepresentanten ser det som ein fordel at ho er politisk engasjert i arbeidet som ungdomsarbeidar. Å vera oppdatert på ting og å sjá samanhengar er ikkje noko ulempe i dette arbeidet. Ho har også ein fordel å ha barn i målgruppealder. Og ikkje minst ser ho positivt på at Paintballklubben har klubbhuset sitt ved Kyrkjebygdi kulturhus, og ønsker at Gatebilklubben på sikt skal få tilhaldsstad i den gamle brannstasjonen, og håpar at mekking kan bli ein framtidig aktivitet på Petra.

Bygdabladet ønsker Elisabet, som er glad i revyarbeid, friluftsliv, lesing og hagearbeid, lykke til med jobben som ungdomsarbeidar.